



"You are my sunshine" blir sunge av klassa medan tre av elevane spelar gitar til. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Sjetteklassingane på skulen gjorde ein storinnsats torsdag: Medan vergudane herja som verst ute og gjorde sitt beste for å gøyme bort sola, laga dei 18 i klassa solskinn inne i Aktivitetshuset! Amfiet var godt fylt og det vart klappa mykje!

Under den halvtimelange morgonsamlinga prisa dei sola ettertrykkeleg både verbalt og sangleg og det var imponerende kva dei hadde lært og sett saman på berre fire veker. Det var nemlig ved nyårsskiftet skulen starta med SOLA som tema og skal halde fram med det skuleåret ut.

Etter innmarsjen med solbriller på formidla elevane ein del viktige fakta om sola og kva den livgjevande stjerna betyr for oss. Så vart det presentert ein serie med solbilete som alle i klassen hadde måla. Nokre av elevane las eigne dikt og dei tre gitarkameratane i klassa spela til "You are my sunshine", som resten av klassa song.

Sola er også med i mange eventyr og fablar og klassa presenterte ein dramatisering av ein av fablane, som heitte "Sola og vinden".

Elevane hadde også laga ein dans til melodien "Sundance" og den vart framført med stor presisjon før framsyninga var over.

Av Ola Matti Mathisen



Fakta om sola blir formidla (Foto: Ola Matti Mathisen)